

GNIST-stipend til forskar og forleggjar



Anette Sivertstøl og Andreas Helvig frå Ulstein kommune fekk 10.000 kroner kvar frå Sparebanken Møre sitt Gnist-stipend.

Andreas Helvig og Anette Sivertstøl fekk årets to siste GNIST-stipend frå Sparebanken Møre.

Andreas K. Rasmussen
andreas.kleven.rasmussen@vikebladet.no

- Eg hadde glømt av at eg hadde søkt, så det var ei positiv overrasking, smiler Anette Sivertstøl. Ho driv sitt eige forlag, Pantera Publishing under mottoet "Unge forfattarar til unge lesarar". Forlaget fylte eitt år i juni, og blir drive åleine av Anette, med litt hjelp frå ektemannen Vegard Bakken, som tek seg av det økonomiske.

Hittil har Pantera Publishing gitt ut to bøker, og for 2011 er det planlagt seks utgivelser.

I løpet av det korte livet til Pantera har ho rukke å få masse medieomtale, og god distribusjon. Dei 10.000 kronene frå Sparebanken Møre skal gå til trykking av bøker.

Forskar på hjerneslag

Den andre vinnaren som fekk stipendet sitt delt ut, måndag formiddag er Andreas Helvig. Han får stipendet for si forsking på hjerneslag. No held han på med ein artikkel der han ser på MR-bilete opp i mot ei blodprøve for å forske på samanhengen mellom hjarteinfarkt og hjerneslag.

Han skal i hovudsak bruke pengane på konferansereiser.

- Eg får litt midlar frå universitetet, så stipendet vert nok brukt til å spe på desse. Hovudutgifta er reiser til internasjonale konferan-

sen, forklarar Helvig, som tek sikte på å ta ei doktorgrad innanfor emnet.

Kakesamling

Måndag var mange av årets lag og organisasjonar samla til lunsj i Sparebanken Møre sine lokaler. Banksjef i SBM, Beate Gjerde Mork delte ut blommar til representantane og heldt ein liten presentasjon om heile utbyttmidlar-prosjektet. Dei glade stipendmottakarane takka for pengane og fortalde om viktigheita av slik stønad for å drive med fritidsaktivitetar i organisert form. Til saman har Sparebanken Møre delt ut 1 million kroner i år. 3 stipend på 100 000 kroner, 7 på 50 000,- og 35 på 10 000,-.

Mottakarar av GNIST-stipend i Ulstein kommune

50.000: Erika Skarbø - Fotball (2009)

50.000: Henrik Overvåg - Friidrett (2009)

10.000: Andreas Helvig - Medisin (2010)

10.000: Anette Sivertstøl - Forlag (2010)

10.000: Christofer Roppen Masters - Rap (2010)

10.000: Renate Grimstad - Friidrett (2009)

10.000: Leni Vilja Leirvik - Dans (2009)

10.000: Martin Notøy Nevstad - Syklist (2009)

10.000: Birgitte Lovise Urke - Åpen klasse: blomsterdekoratør (2008)

10.000: Ingeborg Haakonsholm - Dans (2007)

God Jul
og
Godt nytt år!

VI STARTER SALGET ALLEREDE
27. DESEMBER.
30 %
PÅ ALLE VARER!!

Gjelder ikke allerede nedsatte varer.

UNITED COLORS
OF BENETTON.

BLÅ
HUSET

ULSTEINVIK
922 41510

10-19
Laurdag
10-16

Coop Mega
9-21
Laurdag
9-20

Ulstein Apotek
9-17

Laurdag
10-15

Vinmonopolet
10-16.30

Fredag
10-18
Laurdag
10-14

FrP gav rådmannen ei "julegåve"

Leiv Arne Grimstad

I samband med budsjetthandsaminga i 2001 og arbeidet med Økonomiplan i kommunestyremøtet 2. juli 2002 gjorde Hareid kommunestyre eit samrøystes vedtak over tilsaman 8 verbalforslag frå Hareid FrP.

Då Hareid kommunestyret var samla til budsjett-møte sist torsdag - 9 år etter - minte FrP-representanten Øyvind Strand om vedtaket som vart gjort den gongen - og la til at ingen av forslaga hadde kome tilbake til kommunestyret som sak.

Noko han fann svært kritikkverdigg.

Strand rekna med at den nye rådmannen ikkje kjende til desse

vedtaka, og no ville han minne han om dei som ei slags "julegåve".

I følgje Strand gjekk eitt av verbalforslaga den gongen ut på å utgreie om Hareid kommune burde skaffe seg eit eigedomselskap. Eit anna forslag gjekk ut på å utgreie kva kommunale eigedomar ein kunne legge ut for sal.

Prisauke på 8 prosent

■ Ulstein kommunestyre vedtok å setje opp prisen for byggje- og delesaker, grensejusteringar, dispensasjonar og handsaming av private reguleringsaker med 8 prosent. Satsane for seksjoneringssaker blir regulert i høve til rettsgebyret for 2011.